


Korleis sikre reineigarane reinkjøtt under 600 Bq/kg?

- eit praktisk problem med prinsipielle overtonar

14.04.2011 Reindriftsforvaltningen Boazodoallohaldidahuš Báátsoe-burrijie reereme Lavrans Skuterud



Bakgrunn

- Tiltaksgrensa for radioaktivt cesium i basismatvarer: 600 Bq/kg
- Tiltaksgrensa for radioaktivt cesium i reinkjøtt: 3000 Bq/kg
- Utfordring: Reineigarane har reinkjøtt som basismatvare
- Løysing (tom. 2007): Betalte ut «kompensasjon for alternativt kosthold» (fast sum per familiemedlem) der reinen inneheldt over 600 Bq/kg.
- Fom. 2008: Kosthaldskompensasjonen avslutta fordi den var lite målretta. Over til meir «målretta» kompensasjon av utgifter.


14.04.2011 Reindriftsforvaltningen Boazodoallohaldidahuš Báátsoe-burrijie reereme Lavrans Skuterud



Forskrift om radioaktivitet i reinkjøtt

- Målet framleis: «Sikre at reindrifutøvere har tilgang til reinkjøtt med verdier under den nasjonale grensen for radioaktiv forurensing i basismatvarer på 600 becquerel per kilo»
- Moglege tiltak:
 - utvelgelse av rein til eget hushold fra målte dyr ved slakting,
 - nedføring av rein til eget hushold,
 - kjøp av rein fra mindre forurensede områder.
- «Det gis kompensasjon for kostnader forbundet med nedføring og for merkostnader ved kjøp av rein. Dette dekkes etter regning»


14.04.2011 Reindriftsforvaltningen Boazodoallohaldidahuš Báátsoe-burrijie reereme Lavrans Skuterud



Eit utval utfordringar etter 2 års praktisering

- Kor mange matrein per pers.? «Tvinge» folk til gjennomsnittskonsum – eller legge inn rom for storkonsumentar?
- Dekke alle kostnadane – eller berre delar av kostnadane?
 - Berre reine førkostnadar?
 - Kor mykje fôr per dyr? Forskjell for kalv, bukk, simle? Til kva kostnad (etter rekning eller ein sats)?
 - Både kraftfôr og lav (som trengs til overgangsføring, inkl. kjøp og reisekostnader)? I og med at det skal fôrast til under 600 Bq/kg er det viktig å samle lite forureina lav.
 - Gjerdemateriell, fôrautomatar osv. Skal vi pålegge utøvarane felles gjerdeanlegg eller tillate kvar siida-andel (driftsenhet) eit eige gjerde?
 - Øvre grense for tiltakskostnad per dyr?

14.04.2011 Reindriftsforvaltningen Boazodoallohaldidahuš Báátsoe-burrijie reereme Lavrans Skuterud



Fleire utfordringar

- Kva skal vere utgangspunkt for avgjer om nedføringstid?
 - Gjennomsnittverdiar eller individmåling? (vanleg med 10x forskjell mellom min og maks) Påverkar Mattilsynet sin innsats.
 - Ei veke overgangsføring, deretter halveringstid (2 veker)? Eller lengre føring for å kome opp att i vekt og kjøtkvalitet?
 - Ta høgde for at kalde perioder kan forlenge føringstida?
- Kosthaldskompensasjonen var lite målretta – men korleis vite at nedföra rein blir konsumert? Kjøtt frå nedföra rein har aldri vore populært.

14.04.2011 Reindriftsforvaltningen Boazodoallohaldidahuš Báátsoe-burrijie reereme Lavrans Skuterud